



Arkivnr: 2014/989-13

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Trekk i løn etter streiken - budsjettendring

Samandrag

Ved lønsutbetalinga i november vart det gjennomført trekk i løn for lærarar som var ute i streik i sommar. I denne saka vert det gjennomført tilsvarande reduksjonar i budsjetta for skulane som var råka av streiken.

Samla trekk i budsjetta er 14,4 mill. kr. Av dette vert 4 mill. kr sett av til å finansiere ekstra tiltak for å ta igjen noko av undervisninga som fall bort under streiken.

Vedtak

Det vert gjort følgjande reduksjonar i budsjetta for skulane som var råka av streik i 2014:

	Meirutg.	Mindreutg.
10 140 20000 10110 Personalseksjonen		36 000
10 612 20000 10110 Fana gymnas		472 000
10 619 20000 10110 U. Pihl vgs.		733 000
10 620 20000 10110 Langhaugen vgs.		1 231 000
10 621 20000 10110 Bg. Katedralskole		1 201 000
10 633 20000 10110 Slåtthaug vgs.		373 000
10 636 20000 10110 Laksevåg vgs.		687 000
10 637 20000 10110 Arna vgs.		373 000
10 638 20000 10110 Åsane vgs.		1 156 000
10 642 20000 10110 Bergen tekn. fagskole		448 000
10 643 20000 10110 Askøy vgs.		1 300 000
10 655 20000 10110 Bg. Maritime vgs.		655 000
10 656 20000 10110 Lønborg vgs.		416 000
10 661 20000 10110 Olsvikåsen vgs.		1 169 000
10 663 20000 10110 Nordahl Grieg vgs.		2 126 000
10 667 20000 10110 Amalie Skram vgs.		2 059 000
10 600 99000 10110 Oppl.avd. reguleringskonto	4 000 000	
10 720 10000 10190 Lønsavsetjing	10 435 000	
	14 435 000	14 435 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Nils Vetlesand
fung. fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.12.2014

I sommar var lærarar ved 15 skolar i streik. Trekk i løn vart gjennomført i november, med nokre korreksjonar i desember.

Skulane har ei ordning der dei får behalde overskot og sjølve må dekke underskot. Fylkesrådmannen finn det ikkje rimeleg at skulane som vart råka av streik skal få behalde denne innsparinga. Ein reduserer difor budsjetta med tilsvarende beløp som vart trekt i løn etter streiken. Inklusive arbeidsgjevaravgift utgjer dette kr 14 435 000.

Ein har opna for at skulane kan setje i verk ekstra tiltak for å ta igjen noko av undervisninga som fall bort under streiken. For å dekke utgiftene ved slike tiltak vert 4 mill. kr av innsparinga lagt på Opplæringsavdelinga sin «reguleringskonto». Resten vert samla på lønsavsetjingskontoen, som dermed vil vise ei innsparing.